

1 **19 - Heilskapleg beredskap**

2 Noreg styrkar forsvaret og styresmaktene rår til at alle er førebudde på å greie seg sjølv i
3 ei veke. Dette er viktig i ei tid når verda er meir uføreseieleg enn ho har vore på svært
4 lenge.

5 Styresmaktene har peika ut 2026 som Totalforsvarsåret. Det overordna målet er å styrke
6 Noreg si evne til å førebyggje og handtere tryggleikpolitiske kriser og krig. Buskerud
7 senterparti stiller seg heilt og fullt bak denne satsinga.

8 Ein svært viktig del av totalberedskapen er at det bur og arbeider folk over heile landet.
9 Det spreier risiko og sikrar kunnskap. At folk har sikker tilgang på mat er grunnleggjande i
10 krig og fred. Matproduksjon krev kunnskap og nedarva erfaring tilpassa den staden der
11 produksjonen føregår. Styresmaktene må difor sikre kontinuitet i landbruket i heile
12 landet. Det er ikkje gjort over natta å ta opp att matproduksjon dersom jorda har grodd
13 att, fjøset har ramla ned og dei som hadde kunnskapen er borte.

14 For at folk skal kunne produsere mat i heile landet trengst eit økosystem av andre
15 funksjonar. Det mest grunnleggjande er helsetenester og skular der folk bur. For å styrke
16 lokalsamfunna må styresmaktene tenkje heilskapleg. Det offentlege kjøper varer og
17 tenester for om lag 835 milliardar årleg (2024). Dette er pengar som så langt det er
18 mogeleg må brukast slik at dei, i tillegg til å skaffe det det offentlege treng, også styrkar
19 beredskapen i brei forstand. Det gjer ein ved å kjøpe norsk og kjøpe lokalt.

20 Gode døme på offentlege innkjøp med dobbel verknad er Forsvaret sine nyleg inngåtte
21 avtalar med ullvareprodusenten Janus på Espeland og tørrmatprodusenten Drytech i
22 Tromsø. Når det same forsvaret serverer importerte poteter på Terningmoen, og Klima-
23 og miljøverndepartementet pyntar med juletre i plast er det døme på det motsette.

24 KUTTE UT MIKRODØMA PÅ 'DET MOTSETTE' DERSOM IKKJE NOKON HAR BETRE DØME?

25 Beredskap er meir enn forsvar og matlager, beredskap er ein heilskapleg måte å tenkje
26 på.

27 *Ål Sp*